



L J B A S

Kirkegaten 3

5036 BERGEN

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Torill Slåke	982 98 302	2020/2198-13		22.01.2021

Førebels tilbakemelding - 88/1 - Tursti rundt Hattebergfossen - Rosendal - Baroniet Rosendal

Viser til søknad om rammeløyve mottatt 12.08.2020.

Vi har hatt ein nærare gjennomgang av saka og sett på kva fagmynde som har gitt samtykke i saka, og kva som gjenstår før vi kan gje rammeløyve.

- Vestland fylkeskommune har gitt dispensasjon frå fredingsområdet i brev dat. 09.07.2020
- Folgefonna Nasjonalparkstyre har gitt dispensasjon med vilkår til gangveg for del av vegen som ligg innanfor Hattebergdalen Landskapsvernområde, jf. vedtak
- Det har vore kontakt med NVE med omsyn til uttak av grusmassar frå elva. Dette er ikkje med i rammesøknaden, slik at Byggesakskontoret nå ber om uttale til søknaden slik den ligg føre.
- Kommunegeolog Tore Dolvik har m.a. uttalt i e-post dat. 02.10.2020 at det er nødvendig med nærare dokumentasjon på skred- og flaumfare og vurdering av sikringstiltak i område som er faresonekartlagt. Dette må utgreiast av ein fagkunnig konsulent/firma.

Kommunen skal sjå til at byggegrunn er tilstrekkeleg sikker mot fare eller vesentleg ulempe av natur- og miljøforhold før tiltak kan gjevast løyve, jf. pbl § 28-1.

Ansvarleg søker må innhenta fagleg rapport som fastset sikringsklasse jf. TEK17 § 7-2,3, og gjev nærare vurdering og konklusjon om flaumfare og skredfare i dei ulike faresone- og aktsemdsområda.

Ansvarleg søker må og senda inn vedleggskjema nr 5175 til rammesøknaden, då dette manglar i saka.

Det er ikkje avklara/opplyst nærare traseval for vegen i det bratte området langs fossen.

Kommunen skal samordna og påsjå at alle fagmynde som vert råka av tiltaket får høve til uttale eller samtykke, jf. pbl § 21-5.

Med helsing

Torill Slåke
Fagkoordinator byggesak

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Vedlegg

Kopi til:
BARONIET ROSENDAL / DEN WEIS-ROSENKRONESKE STIFTELSE

Postboks 235